



Marius Rødland
Steinsvikvegen 16
5955 LINDÅS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/271 - 22/57514

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
19.07.2022

Ferdigattest - driftsbygning gbnr 106/17 Fanebust

Administrativt vedtak: Saknr: 791/22
Tiltakshavar: Marius Rødland
Ansvarleg søkjar: Straume Maskin AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for driftsbygning på gbnr 106/17.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 21/271 datert 28.06.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 19.07.22.

Skildring

Adresse:	Fonnebostvegen 252 5955 Lindås
Bygningstiltak:	Driftsbygning
Bygningsnummer:	300555001
Bruksareal:	Bygd areal BYA -575 m2

Avlaup:	
Vatn:	
Tal på røykløp:	

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/271

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Straume Maskin AS

Slettevegen 5939
1335

SLETTA

Mottakarar:

Marius Rødland

Steinsvikvegen 5955
16

LINDÅS